



Ingelin Garen
Statens vegvesen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/332 - 14/9279

Saksbehandlar:
Kjersti Flatråker
kjersti.flatraker@radoy.kommune.no

Dato:
03.09.2014

Plansak 12602012000900 - områdeplan - Bø - notat etter møte med Statens vegvesen 28.08.2014

Som oppfølging av møte 2. april 2014 mellom Statens vegvesen og Radøy kommune på Bø vart det arrangert nytt møte 28. august 2014 i Fyllingsdalen.

Tiltades:

Statens vegvesen, Plan og forvaltning: Marian Dagfrid Barsnes, Ståle Furnes, Ingelin Garen og Reidun Margreta Instanes.

Radøy kommune: Kjartan Medaas, oppmåling og kart, Einar Færø, teknisk drift, og Kjersti Flatråker, plan.

Fylkesvegen går tvers gjennom Bøvågen og utforminga av denne legg føringar for arealbruk i resten av planområdet for områdeplan for Bø. Kommunen vil leggje til rette for fleire heilårsbustader noko som vil føre til meir trafikk i området. God trafikkavvikling i samband med tenesteytande næring og service er eit tema i planen då planområdet inneheldt butikk, kyrkje, skule og barnehage. Det er korte avstandar og det skal leggjast til rette for gode løysingar for mjuke trafikantar, både slik at folk kan gå til og i frå tenestetilbod og heim, men og for å stimulere folk til å bevege seg på fritida.

Fylkesvegen skal gjennom heile området ha dobbel køyrebreidde og løysing for gåande og syklande. Kommunen må gjere eit val av løysing for dei mjuke trafikantane i plan. Ein kan kombinere fortau og gang- og sykkelveg samt sykkelfelt i vegbana. Statens vegvesen vil anbefale ei løysing der ein skil gåande og syklande t.d. med sykkelveg med opphøgd fortau. Kommunen har vurdert Statens vegvesen sitt ynskje om å leggje inn løysing for mjuke trafikantar på begge sider av veggen og vil velje å berre ha tilbod på den eine sida. Trafikken gjennom og i området er såpass låg at kommunen vurderer det som tilstrekkeleg.

Møtelyden diskuterte moglegheit for å lage gang- og sykkelveg inn til bustadtomtar som og skal vere køyrbare, men det var Statens vegvesen veldig negative til då det er risiko for trafikkuhell ved samanblanding av ulike trafikkgrupper.

Avkjørsler er og eit tema som vart teken opp og Staten vegvesen ynskjer i utgangspunktet færrest mogleg. I tillegg ynskjer dei at dei vert lagt i frå kvarandre om dei ligg på motsatt side av veggen.

I samband med å leggje hovudvegen som miljøprioritert gjennomkøyringsveg kan det vurderast å leggje busstopp berre som kantstopp, ikkje med busstopp-felt ved sida av veggen, men stopp i vegbana. Det er i tråd med kommunen sin vurdering av at veggen må strammast inn med betre definerte køyrefelt og gang/sykkel-felt eller fortau.

Bygdefolket på Bø ynskjer seg ein gangsti rundt Bøtjønnå og me må sikre god tilkomst til denne frå fleire kantar gjerne rett i gangveg eller fortau.

Det må takast omsyn til renovasjon og oppstilling av bossdunkar i planen. Reinhaltsverket krev plass til større bilar og mogelegheit for å snu.

Byggjegrænse mot fylkesveg er generelt satt til 50 meter og må definerast i plan om denne skal vere noko anna.

For å sikre areal til framtidige vegføremål kan byggjegrænse nyttast i staden for å teikne fullt vegareal inn i plankartet.

Møtelyden diskuterte i kva grad Statens vegvesen kunne hjelpe med å berekne kva areal som skal setjast til veg og Statens vegvesen skal ta ein runde på kva dei har resurssar til å bidra med. I områdeplanen er det i fyrste omgang viktig å sikre nok areal til vegføremål. Skal fylkesvegen utvidast får det følgjer for planlegging mellom anna av avkjørsler.

Med helsing

Kjersti Flatråker
arealplanleggjar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kjartan Medaas
Einar Færø
Tonje Nepstad Epland

Mottakere:

Ingelin Garen

Statens vegvesen